

Hei

Hareid 18 november 2024

Vil med dette uttrykke mi bekymring rundt nattevakta på Buhab som er foreslått tatt bort i budsjettforslaget til kommunedirektør og den manglende prosessen (Vi tillitsvalde har kun fått informasjon) rundt dette føreslegne kuttet.

Dette ei nattevakt som omfattar ressurskrevjande Brukara. I finansieringa for ressurskrevjande Brukara så må kommunen må først betale ein «eigenandel» og utgifter utover dette betalar staten 80% og kommunen 20%.

Har bedt om ein uttale frå kommunalsjef/kommunedirektør om ikkje dette også har ein konsekvens for inntektsida for Hareid kommune. Eg har også spurt om innsparingstiltaket verkeleg utgjer 1.7mill som det står i budsjettframlegget. Etter dei opplysningane som eg har pr i dag så er det Staten er den som blir den store økonomiske vinnaren om denne nattevakta no blir tatt bort.

Brukarane på BuHab har på generelt grunnlag gjerne ein mental alder som er ein god del yngre enn den fysiske alderen tilsvara.

I dei fleste familiar så hadde barn i den alderen som berre fekk tilsyn xx gonger pr natt og evt velferdsteknologi så hadde vegen til barnevernet vore kort. Kvifor er Brukarane i denne gruppa vurdert annleis?

Ved å fjerne nattevakta så forsvinn tryggheita -ikkje berre for Brukarne men også får pårørande si tryggheit på nattestid.

Vidare så er personleg og stabile relasjonar er viktige element for denne Brukergruppa og det gjeld også på nattetid.

I forbindelse med kutt av stillingar er det prosesser ein også må følge:

*Er det foretatt rosanalyse på dette?

*Å fjerne ei fast nattevakt som er "på huset" og tilgjengelig heile tida å vidare erstatte den med tilsyn/velferdsteknologi er det innafor den enkelte Brukers vedtak om bistand?

*Ved å kutte denne nattevakta så vil det innebere ei omorganisering av drifta. Kva auka arbeidsmengde vil det innebere for dei andre arbeidstakarane som står att på BuHab og evt Heimesjukepleia?

Viser elles til konsekvensen som står i budsjettforslaget på dette kuttet.

Mvh

Margrethe Longva
Hovedtillitsvalgt i Delta Hareid